



Lise, Vidar og Bino i Casa Blanca

Vi har forlenget utropa Lise og Vidar Raugstad som bur på Mongstad til dei største Uskedalen-entusiastene. Det har til dei grader vore hekta på bygda som feriestad i 20 år at dei snart fortener å verta æresborgarar.

Sist traff vi dei i påskeferien i Øyro Marina der dei ligg fast med sin 50-fots båt Casa Blanca. Men kor mange feriedagar blir det eigentleg på dei her i bygda i år?

Vidar, som er entreprenør med 36 tilsette, antar at dei vil passera 50 dagar. Det vart 12 døgn i Uskedalen i påska og 6 dagar rundt 1. mai og no er det iferd med å bli 28 dagar sommarferie her. Med andre ord er 46 dagar allereie passert og ingenting tyder på at paret vil halda seg heilt borte herifrå gjennom den lange hausten.

Begge konkluderar slik dei har gjort gjennom mange år: - Det finsk ikkje maken og vi stortrivast her.

Men Lise er så raus at ho siterer ein motreplikk frå ei ho møtte på SPAR:
- Eg ville vorte sprø ved å vera så lenge på den same plassen!

Korleis har så eigentleg trafikken til vanns vore så langt?

Hamnevert Johan Sunde svarar at han ikkje har vore aller verst i juli. Han har vore omtrent som i fjor utanat Johan har noko tal førebels.

Det er han nøgd med på bakgrunn av vertilhøva. Typisk nok har utlendingane nærmest glimra med sitt fråver, det er berre registrert 5-6 av dei - ein tyskar, 2 britar og 2 nederendarar. Men andre hamnar har også hatt heller beskjeden trafikk.

Båtlaget si hamn er like innbydande for det. Dugnadsduoen Jan Henrik Hansen og Ingvald Haara jobbar så svertten renn med klypping av gras og hekk. Her har fleire enn Mongstad-paret all grunn til å kjenne seg heime.

Tekst og foto: Ola Matti mathisen



Jan Henrik og Ingvald held hekken og plenen fint frisert